



DEN NORSKE KYRKJA

Ålesund - Volsdalen

Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Ålesund 20.11.2018

Vår sakshandsamar: Henriettebr

Vår ref.: 17/00011-003

Arkivkode: 090

Høring - forslag til ny lov om tros- og livssynssamfunn

I møte i menighetsrådet 7.11.18 ble det gjort flg. vedtak:

Ålesund og Volsdalen menighetsråd stiller seg i hovudsak bak utkastet til kyrkjeordning, men har nokre kommentarar, nokre spørsmål og to endringsforslag.

§4 Her møter vi utfordinga med val av ord. Det er tatt fram tre oppgåver: forkynne evangeliet, forvalte sakramenta og utøve nestekjærleik. Menighetsrådet meiner at det siste punktet er ei naturleg følge av dei to fyrste. I Dnk i dag er t.d. diakoni, kulturarbeid, trusopplæring og samfunnsengasjement mange stader nokså likestilt, og alle desse er sett på som ei naturleg følge av å forvalte evangeliet og sakramenta. Kvifor har ein då løfta fram berre diakonien?

Nytt forslag: Den norske kyrkja skal forvalte sakramenta og forkynne evangeliet gjennom ord og handling.

§5. Språkleg gjev det liten mening i å lage ei ny bisetning om biskop i siste setning når omgrepene «til teneste» er felles.
Nytt forslag: Dnk vigslar til teneste som diakon, kantor, kateket, prest og biskop.

§9. I høyringsdokumentet er det presisert at soknet fortsatt skal vere ei rettsleg sjølvstendig eining, og at denne strukturen vidareførast. Menighetsrådet er usikker på om det kjem tydeleg nok fram i setninga: «Soknet er den geografiske og administrative ramma om kyrkjelyden.»?

Kap.4 Kyrkjer. Det er litt problematisk at kyrkjebrygga som kulturminne ikkje visast igjen i kyrkjeordninga. I framleggget til ny trussamfunnslov, er det ein føresetnad at Kyrkjemøtet og Riksantikvaren saman skal verte einige om ordninga som fortsatt sikrar kyrkjene som kulturminner. Men kva om dei ikkje vert einige? Det er nettopp økonomien og ansvaret rundt dei mange store og gamle kulturbryggene som kyrkjene er, som set økonomien og samarbeidet med kommunane på prøve i dag. Menighetsrådet ynskjer å vektlegge kor viktig denne prosessen vil vere framover.

Tidlegare har den såkalla 60-meters-sona vore eit viktig element i planlegginga av kyrkjegardar, og i å verne områder rundt kyrkjer. I høyringsdokumentet er det presisert at dette no må inn i andre lovar, t.d. plan- og bygningslova. Er dette eit ynskje, eller veit ein at dette vil skje?

§32 – Bispedømerådet si samansetjing. Ålesund og Volsdalen menighetsråd er nøgd med at val på alle leke representantar skal skje ved direkte val.

§39 – Bispemøtet.

I 2.setning må det mangle eit verb – f.eks ha? «Bispemøtet skal utøve tilsyn med og (ha?) pastoralt leiarskap i Dnk...» Denne setninga, seier høyringsdokumentet, er tatt inn for å tydeleggjere det kollegiale aspektet ved bispemøtet.

Samstundes står det i 3.avsnitt: «Bispemøtet kan ikkje binde den enkelte biskopen i utøvinga...»

Desse to setningane står litt opp mot kvarandre, og menighetsrådet stiller spørsmål til kvifor ein vel å presisere det kollegiale fellesskapet så sterkt i ei heilt ny formulering, samstundes som ein opprettheld individfokuset seinare i same paragraf.

§49 – Saksbehandlingsreglar. Kyrkjerådet har gått inn for at forvaltningslova, offentleglova og reglane om offentlege organ i arkivlova skal gjelde for Dnk. På same måte som i spørsmålet om 60-meters-sona, undrar menighetsrådet på om dette er eit ønske, eller om det har rettsleg tyding.

Postadresse:
Nedregårdsvegen 1
6010 Ålesund

Besøksadresse:
Borgundvegen 124
6007 Ålesund

Sentralbord:
70 16 53 00
postmottak@kirken-aalesund.no



DEN NORSKE KYRKJA

Ålesund - Volsdalen

Vennlig hilsen

Henriette Bryn
Daglig leder Ålesund og Volsdalen menighet

Postadresse:
Nedregårdsvegen 1
6010 Ålesund

Besøksadresse:
Borgundvegen 124
6007 Ålesund

Sentralbord:
70 16 53 00
postmottak@kirken-aalesund.no